

Dønhaug Gardsbarnehage scorar høgt i foreldreundersøking.


26.02.2019



Uteområde er eit prioritert forbetringstiltak i Dønhaug Gardsbarnehage.

**For andre året på rad scorar Dønhaug Gardsbarnehage høgt på foreldreundersøking, heile 4,9 av maks 5 oppnåelege poeng. Det er Utdanningsdirektoratet som står bak undersøkinga der barnehagane årleg vert testa innan ulike kategoriar. Det gode talet på 4,9 handlar om total tilfredshet ut frå tema som til dømes uteområde, trivsel og mat.**

Det er 4. gongen Dønhaug Gardsbarnehage vert testa på denne måten. I 2017 vart resultatet 4,8 på ein skala frå 1 til 5. I 2018 hadde barnehagen ein framgang på 0,1 til 4,9. Berre barnehagen i Ølve hadde betre resultat. Hatlestrand barnehage hadde same resultatet som gardsbarnehagen i Uskedalen.



Gardsbarnehagen scorar mellom anna høgt på trivsel.

Dagleg leiar, Helene Huse Bjørnebøle, og pedagogisk leiar, Hilde Tungevik er godt nøgde med høg score. Det er valfritt om ein vil delta. For kommunale barnehagar er undersøkinga obligatorisk. Svarprosenten er på 80 %. Barnehagane vert til vanleg testa på ute/inneområde, relasjonar barn/vaksne, utvikling, informasjon, medverknad, henting/bringing og tilvengjing til skulestart.

Dønhaug Gardsbarnehage driv godt med 26 plassar fordelt på 18 born. Ein har satsa på fornying av innemiljøet. Det er ynskje om meir mat i barnehagen. Det har ein prøvd å retta på ved at det ein gong i månaden vert laga middag. Kvar veke er det mat på bål. No står oppgradering av uteområde for tur med meir stiar og tilrettelagd leikeareal. Den nye løa er på plass. Sauene og ein gris er i hus. Hønsa har sitt eige hønsehus.

Det vert systematisk drive personalutvikling. Barnehagen er med i det kommunale utviklingsprosjektet Inkluderande barnehage- og skolemiljø.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Sauene er på plass i den nye løa. No ventar alle på lembinga i april månad.